

Bindande påmelding Praha 2010



Pris: kr. 5000
Påmeldingsfrist: 23. august kl. 13.00
Betaling: Faktura tilsendt frå skulen frist ca. 20. sept

Program:

- Søndag 12.09: Bussavgang kl. 23.00 frå Eid vgs til Oslo.
- Måndag 13.09: Ferja "Color Fantasy" frå Oslo til Kiel.
- Tysdag 14.09: Ferja kjem til Kiel om morgonen. Deretter køyrer vi med buss gjennom Tyskland til Tsjekkia. Om kvelden kjem vi fram til hotellet vårt i Praha.
<http://www.albionhotel.cz/en/>
- Onsdag 15.09 : Byvandring
- Torsdag 16.09: Aktivitetsdag
Ishockey
- Fredag 17.09: Gruppearbeid
Fellesmiddag
- Laurdag 18.09: Den Jødiske bydel
Vi reiser om kvelden og køyrer gjennom Tyskland og opp til Kiel.
- Søndag 19.09: Ferja "Color Magic" frå Kiel til Oslo.
- Måndag 20.09: Vi kjem til Oslo om morgonen og køyrer til Eid. Vi er framme ca. kl. 18.00.

Turen kostar 5000 kr pr elev. Dette dekker buss, båt, hotell, fellesmiddagen og nokre inngangsbilletter. Dette skal betalast innan 20. september.

For å kunne justere plasstalet på turen må vi vite kor mange som er med. Vi har difor satt 23. august kl. 13 som frist for påmelding. Denne påmeldinga er bindande. Dersom du blir sjuk og av den grunn ikkje kan vere med, blir summen dekt av reiseforsikringa di.



Ordensreglar Praha 2010

Praha ekskursjonen har blitt eit fast opplegg ved Eid vidaregåande skule. Skulen ynskjer at ekskursjonen skal gje elevane eit godt fagleg og sosialt utbytte i form av gode opplevingar i ein praktfull by med ein litt anna kultur enn vi er vande med heimanfrå.

Når så mange skal ut å reise i lag, er det viktig at vi har køyrereglar som alle er godt kjende med på førehand og som alle er innstilte på å respektere og vere lojale mot. Målet må vere at alle skal ha ein triveleg tur! Det er spesielt viktig at vi alle syner omsorg og tar ansvar for kvarandre.

Generelt:

- I utgangspunktet er turen arrangert av skulen i skuletida og elevane er difor bunde av skulen sitt generelle reglement så lenge turen varer.
- Brot på reglane får følgjer, t.d. vere att på hotellet neste dag, nedsett ordens- og åtferds karakter i terminen, påtale frå rektor ved retur til skulen, utestenging frå undervisninga når vi kjem attende.
- **Alvorlege brot på reglementet vil kunne medføre heimsending. Kostnaden må du sjølv ta ansvar for.**

Buss:

- Møt presis til alle bussavgangar.
- Det er ikkje lov å spele høg musikk i bussen.
- Det er forbode å nyte alkoholhaldig drikke i bussen.
- Når vi køyrer om natta, skal det vere ro i bussen etter klokka 24.00.
- Når bussturen går mot slutten, hjelper alle til med å plukke opp søppel.
- Høyr etter instruksane frå guide, buss-sjåfør eller lærar.

Hotell:

- Det skal vere ro på romma og i korridorane etter 23.00. Dersom vår gruppe uroar, kan vi få ei kollektiv bot.
- Handklede, puter og anna må ikkje flyttast ut av rommet. Når vi skal reise blir alt talt opp, og vi må erstatte det som manglar. Det blir ikkje teke omsyn til at det eventuelt ligg på naborommet. Dei som deler rom, må difor vere kollektivt ansvarleg for orden og at ingenting forsvinn frå rommet. Lærarane kontrollerer romma kvar morgon.

Fritid:

- Det er ikkje lov å drikke alkohol mellom kl 01:00 og 18:00
- Du har ikkje lov å drikke sprit.
- Rusa åtferd vert ikkje akseptert.
- Alle må vere attende til hotellet innan kl 01:30.
- **Vær aldri mindre enn tre som går ut i lag.**
- Alle elevar må skrive seg på lærarane si liste i resepsjonen når dei kjem attende om kvelden.

Dokument:

- Alle skal ha med seg **pass**, samt ein kopi av passet sitt. Dei som ikkje har norsk pass må gjere reiseleiar merksam på det i god tid.
- Alle skal ha med seg **helsetrygdkort** (tidlegare E-111-skjema).
- Alle skal ha med seg **reiseforsikringsbevis**.

Eleven si underskrift

Føresette si underskrift